

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet 28.11.2024**

<b>Dok. ref.:</b>		<b>Møtedato/ Tid:</b>	28.11.24 18:00
<b>Stad:</b>	Kolltveit skule	<b>Møtenr.:</b>	4/2024
<b>Referent:</b>	Odd-Erik Kjeldstad, rektor		
<b>Til stades:</b>	Gjertrud Soltun, Sindre Lie, Odd Erik Kjeldstad, Anne Haugro, Anne-Lise Hjartåker, Silje-Marie Guleng Lie, Vilde Indrevik, Fredrik og Abigail.		
<b>Forfall:</b>	Fredrik, Abigail og Vilde Indrevik		

**SAKSLISTE**

<b>Tema</b>	<b>Saker</b>	<b>Oppfølg.</b>
<b>Faste saker</b>		
<b>Saker frå skulen</b>	Ny Fau-leiar til stades på møte. Rektor informerte om intensjonen for skule-heim samarbeidet og at samarbeidsutvalet er øvste organ på skulen.	Rektor
<b>Driftssituasjonen</b>	<p>Rektor informerte om at skulen slit med høgt sjukefråvær og mangel på vikarar. Dette gjer driftssituasjonen krevjande og at leiing må gjere vurderingar ut frå heilskapen i driftssituasjonen. Konkret gjer det seg utslag i omorganiseringar mellom anna i lærargruppa. Noko av årsaka til det høge sjukefråværet er at det å jobbe i skulen kan vere belastande for mange og at ein ser ei utvikling der fleire elevar slit med åtferd og psykisk helse.</p> <p>Denne veke måtte skulen grunna driftssituasjonen flytte på ein lærar, noko som førte til svært negativ omtale av situasjonen og namngjevne vikarar i ei facebookgruppe for foreldre. Skulen ynskjer ikkje at slike facebookgrupper skal brukast til negativ omtale av personell, beslutningar og drift. Rektor ber Fau om å kome med tydelege retningsliner for korleis ein skal opptre i slike grupper og kva dei skal brukast til. Skulen treng at foreldra viser støtte og omtalar skulen positivt. Vi ha forståing for at ein i gitte situasjonar kan vere kritisk til skulen, men då må ein ta det opp direkte med skuleleiing, evt gå gjennom Fau.</p>	Rektor
<b>Gjennomføring av julefestar</b>	SU gjekk igjennom rutinar som no gjeld for gjennomføring av julefestane. Det er laga eit rutinekort som FAU og skule tek utgangspunkt i. FAU meldte at alt er under kontroll og vil vidareformidle foreldrekontaktane FAU om å setje i gang. Fau ynskjer å gje overskot av inngangspengar til basecamp.	Skulen/ Fau

<p><b>Høyring forskrift skulereglar og skuledemokrati, permisjon og hovudmål</b></p>	<p>Kommunen ha sendt ut forskrift om skulereglar, skuledemokrati, permisjonar og hovudmål. Det er høyringsfrist 10.januar. Eventuell høyringsuttale kan sendast frå Fau og/eller skule kvar for seg.</p> <p>Fau lurte på korleis skulen skulen tilnærmar seg skulereglar og eventuelle brot. Rektor meinte reglane slik dei står er gode, men kan vere utfordrande å handheva i kvardagen. Mange elevar har utfordringar som gjer at dei ikkje klarar å følgje reglane til punkt og prikke, og her må sanksjonsregime vere tilpassa dei. Anne og Kristina informerte om TSK som i stor grad vert brukt i klasseromma til regulering. TSK er eit program for er i bruk for klasseleiing. TSK står for tydeleg og støttande kommunikasjon. Det kom forslag om å presentera reglane på eit foreldremøte ved skulestart.</p>	<p>Rektor</p>
<p><b>Foreldrekveld</b></p>	<p>Rektor kom med forlag om å få til ein foreldrekveld med tema ungdomskriminalitet til våren/hausten. Kommunen har utfordring med auka ungdomskriminalitet og ein ser at ungdommar som vert rekruttert inn i desse miljøa vert yngre og yngre. Rektor tek kontakt med ungdomstenesta v/Anette Henden. Fau informerte om at Fau på Fjell U. ynskjer at foreldre på 7. trinn engasjerer seg som natteramn.</p>	<p>Rektor/ Fau</p>
<p><b>Elevtransport</b></p>	<p>Aka om utfordring med elevtransporten på Bildøy. Det ser ut til å ha gått seg til. Elevar har fått tilbod om å kome tidlegare. To elevar har takka ja til dette.</p>	
<p><b>Saker frå FAU</b></p>	<p><b>Utlodding på julefestar</b> 5kr loddet. Fau vil gi gåva til basecamp.</p> <p><b>Start julefestar</b> Klokka 18.00-19.30</p> <p><b>Basketkorg</b> Denne er no levert.</p> <p><b>Nett til fotballmål</b> Desse er bestilt</p> <p><b>Utstyrskasse til kvar klasse</b> Ønske om å kjøpe inn ein kasse med fotball ol.</p> <p><b>Utebod</b> Denne vil kome til våren, starte etter påske. Rektor og FAU-leiar tok ei synfaring etter møte.</p> <p><b>Rektor med på starten av FAU-møter.</b> Fau ynskjer at rektor er med på dei første 10 minutt av fau-møta dersom det er behov. Litt info om kva som rører seg på skulen. Rektor stiller seg positiv til det, men er oppteken av at fau må få drøfte uavhengig av skuleleiing.</p>	<p>Fau</p> <p>Fau</p> <p>Fau</p> <p>Rektor/ Fau</p>

<b>Kantine</b>	Vellykka, elevane veldig fornøgd, godt trivselstiltak. Vi gjekk i gjennom trivselshjulet.	
<b>Refleks- konkurranse</b>	2.trinn og 6a vinnarar. Vil få premie av FAU.	
<b>Saker frå Elevrådet</b>	Ingen saker. Elevrådet var ikkje til stades.	
<b>Saker frå SFO</b>	Ingen saker.	